**Universitetet i Bergen**
**Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)**

---

**Innkalling til møte**
**Utval for undervisning og internasjonalisering (UUI)**

Tid: 4. november, kl. 13.15-15.00
Stad: rom 435, HF-bygget

Til: Christine Hamm, Thorsteinn Indridason, Sigrun Eilertsen, Keld Hyldig, Anders Kristian Strand, Øivin Andersen, Pär Sandin, Rolf Beev, Bente Kiilerich, Signe Nilssen, Lisa Dalby Pedersen, Øyvind Røthe, Jens Elmelund Kjeldsen, Kari Jegerstedt, Heming Gujord.

Kopi: Siri Fredrikson, Johan Myking, studieadministrasjonen, studentrepresentantane i instituttrådet.

**Dersom ein representant ikkje kan møte, må han/ho sende ein vara frå sitt miljø.**

## Saksliste

UUI-sak 31/13: Godkjenning av innkalling og saksliste ........ 2
UUI-sak 32/13: Orienteringssaker ........ 2
O-sak 1: Referat frå UUI-møte 02.09. 2013 ........ 2
O-sak 2: Alumnusdagar 9.-10. mai 2014 ........ 6
UUI-sak 33/13: NOKUT-tilsyn med masterprogram i historisk-filosofiske fag ........ 6
UUI-sak 34/13: KVIK101 – redaksjonelle endringar i emneplan ........ 20
UUI-sak 35/13: SAS2A og SAS2B ........ 24
UUI-sak 36/13: Utfyllande reglar ved HF - høyringssak ........ 29
UUI-sak 37/13: Framlegg om revidert pkt. 1 i retningslinene for programstyre ved LLE ........ 39
Eventuelt ........ 41

| | |
|---|---|
| **UUI-sak 31/13:** Godkjenning av innkalling og saksliste | |

**UUI-sak 32/13:** Orienteringssaker

**O-sak 1: Referat frå UUI-møte 02.09. 2013**

**Universitetet i Bergen**
**Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)**

## Referat frå møte
## Utval for undervisning og internasjonalisering (UUI)

Tid: 02. 09. 2013, kl. 13.15-15.00
Stad: rom 435, HF-bygget

Til stades: Hilde G. Corneliussen (undervisningsleiar), Christine Hamm, Thorsteinn Indridason, Anders Kristian Strand, Øivin Andersen, Pär Sandin, Rolf Beev, Bente Kiilerich, Arnt Robert Leganger, Elisabeth Dalby Pedersen, Lydia Eidsnes, Kari Jegerstedt, Heming Gujord.

Meldt forfall: Sigrun Eilertsen, Keld Hyldig.

| | |
|---|---|
| **UUI-sak 20/13: Godkjenning av innkalling og saksliste** | |

Det var nokre feil i saksdokumenta i sak 22-25.
Ny versjon av sak 22-24 vart delt ut i møtet. Manglande vedlegg i sak 25/13 vart oppdaga under gjennomgangen av saka i sjølve møtet og vart delt ut i møtet.
Feila er retta opp og ein oppdatert versjon av innkallinga vert lagd ut på nettsidene.
Desse endringane er tatt inn i retta versjon av innkallinga:
- Saksomtale og vedlegg 3: Emneplan for NOSP312 frå V-14 lagt til i sak 22/13
- Saksomtale lagt til i sak 23/12
- Korrekt saksomtale tatt inn i sak 24/12
- Vedlegg 2 i sak 25/13, (Framlegg til emneplan) vart delt ut i møtet

Jegerstedt melde at dei har planar om å vidareføre dei to emna PSANA101 og PSANA201, om enn ikkje med ressursar frå SKOK aleine. Jegerstedt hadde spørsmål om stoda i den såkalla BA-saken. Corneliussen informerte om at arbeidsgruppa som skal greie ut saka skulle ha sitt første møte den 3.9. Undervisningleder rår til at

fagmiljøa avventar innstilling frå arbeidsgruppen før dei går vidare i planlegginga av eventuelle introduksjonsemne.

## UUI-sak 21/13: Orienteringssaker

1. Referat frå UUI-møte 27. mai.
2. Medlemer i UUI hausten 2013. Medlemsliste for hausten 2013 vart lagt fram i møtet. Heming Gujord bemerka at han sto i medlemslista, men mangla i sjølve innkallinga til møtet. Det var feil i innkallinga når det gjeld studentrepresentantane: Elisabeth Dalby Pedersen har erstatta Thea Lerfald som representant i UUI. Studentrepresentane sit i eitt år av gangen, frå andre møte om hausten til og med første møte påfølgjande haust. Instituttet får melding frå studentane når dei har valt nye medlemer for studieåret 2013-14.
3. Læringsmiljøprisen
4. Omorganisering av SEVU til Kontor for Etter- og vidareutdanning.
5. Opptakstal hausten 2013. Opptakstala for LLE er jamnt over gode. Det er svært høge tal på EVU-emna på Prisme og Fjernord. Master i nordisk får åtte studenter frå lektorutdanninga i tillegg til dei tre som blir tatt opp direkte til den to-årige masteren. Gujord stilte spørsmål ved at lektorutdanninga har tatt opp 37 studentar. Talet er vesentleg høgare enn utlyste studieplassar og det kan vere kapasitetsproblem i høve til praksis og skulebesøk allereie i første semester. Spørsmålet blir tatt opp med fakultetet.
6. Oversyn over tilsette i studieseksjonen hausten 2013
7. Retningsliner for programstyre ved LLE
8. Intensivkurs i norsk, pilot sommaren 2013. Leganger var involvert i eksamensavviklinga på norskkurs-piloten og kunne stadfeste at luftkvaliteten i eksamenslokalet på Sydneshaugen skule var svært dårleg. Han ba om at det vart meldt vidare at luftkvaliteten må betrast til neste gong, ved at ventilasjonsanlegga vert tekne i bruk i god tid før lokala skal brukast. Lote kunne stadfeste at fakultetet allereie har vore i møte med Eigedomsavdelinga om mangelfull ferdigstilling av oppussingsarbeid og dårleg luftkvalitet på Sydneshaugen skule, som også hadde innverknad på orienteringsmøta ved Studiestart 12. august.
9. Det er no klart at Nokut sitt tilsyn ved UiB i 2013 vil ha fokus på Phd-utdanninga. Studieprogramma ved LLE kjem dermed ikkje under tilsyn i denne omgang.

## VEDTAKSSAKER

| UUI-sak 22/13: Gjenoppretting av NOSP212 våren 2014 | |
|---|---|

Indridason gjorde greie for saka: Nordisk gjorde endringar i emnetilbodet for nokre semester tilbake, men det viser seg at det vart kutta litt for mykje, og at det no er ønskeleg å gjenopprette NOSP212. Målet er å styrke rekrutteringa til 200- og 300-nivået og samtidig styrke moglegheita for å tilby emne med grammatisk teori på 200-nivået. Det vert ikkje behov for auka lærarressursar fordi undervisninga er felles med NOSP312.

**Vedtak:**

UUI vedtar gjenoppretting av NOSP212 i tråd med tilråinga frå programstyret i nordisk:
Programstyret for nordisk ber om at emnet NOSP212 Nordisk: Språkleg fordjupingsemne blir gjenoppretta frå og med våren 2014. Programstyret ber òg om at justert emneplan for NOSP312 Nordisk: Språkleg masteremne blir gjort gjeldande frå og med vårsemesteret 2014.

Vidare kjem NOSP212 inn som eitt av valemna på 200-nivå i studieplanen for bachelorprogrammet i nordisk under «Obligatoriske emne/spesialisering» og «b) Spesialisering i nordisk språk og litteratur».

## UUI-sak 23/13: Justering av emneplanen til SAS1

Det vert lagt inn ei formulering i emneplanen for SAS1 som skal hindre at personar med norsk vidaregåande skule skal ta emnet som ein del av ein norsk BA-grad. Innhaldet i emna overlappar med pensum frå vidaregåande skule.

Formuleringa i SAS1 burde truleg også leggjast inn i dei andre SAS-emna. UUI rår til at nordisk litteratur vurderer å leggja formuleringa inn i emneplanane på SAS2A og SAS2B.

**Vedtak:**
UUI vedtar endringane i emneplanen for SAS1 med verknad frå våren 2014.

## UUI-sak 24/13: Oppretting av nytt emne: Språkleg variasjon og endring NOSP221-X

**Vedtak:**
UUI vedtar endringene foreslått av programstyret i nordisk, som innebærer oppretting av NOSP221-X og justerte emneplaner for NOSP221, -251 og -321.

## UUI-sak 25/13: Oppretting av nytt 200-emne på digital kultur

Opprettinga av eit nytt 200-emne betyr ei utviding av tilbodet i webdesign. Fagkoordinator meinte det var fornuftig at emnekoden DIKULT205 vert tatt i bruk fordi emnet i stor grad vil vere overlappande med det tidlegare emnet HUIN205. Instituttet må undersøkje med fakultetet om den same emnekoden kan brukast. Fagmiljøet ønskjer at emnet startar opp våren 2014, og fagkoordinator melder om å ha fått ein oversikt frå sine medarbeidarar over at ressursane er på plass.

Leganger stilte spørsmål ved at obligatoriske arbeidskrav ikkje er gyldige utover undervisningssemesteret. Undervisningsleiar viste til at dette er fastsett i emneplanen etter grundig diskusjon i fagmiljøet og at årsaka er at det ikkje er mogleg å arrangere

eksamen i emnet utan at dette er knytt til undervisninga og dei obligatoriske deltakinga i gruppearbeid med meir.

Fagkoordinator for digital kultur gjorde merksam på at det moglegvis kan vere overlapp mellom DIKULT205 og det foreslåtte emnet DASP109 i sak 27/13. UUI gjorde merknad om at dette må avklarast mellom dei to fagmiljøa og eventuelt markerast i emneplanen før innsending til fakultetet.

**Vedtak:**
UUI vedtar emneplanen for DIKULT205, med merknadane frå undervisningsleiar og frå møtet.

| **UUI-sak 26/13: Emneplanendringar DASP252 og DASP307** | |
|---|---|

**Vedtak:**
UUI vedtar endringane i emneplanane for DASP252 og DASP307, med merknadene frå undervisningsleiar og eventuelle merknader frå møtet.

| **UUI-sak 27/13: Oppretting av nytt emne: DASP109** | |
|---|---|

Fagkoordinator for digital kultur hadde ein merknad til omtalen under læringsutbyte som gjaldt programmeringsspråk, og tar dette direkte opp med emneansvarleg på DASP109 (Koenraad de Smedt).

**Vedtak:**
UUI vedtar å opprette DASP109, med merknadane frå undervisningsleiar og eventuelle merknadar frå møtet.

**DISKUSJONSSAKER**

| **UUI-sak 28/13: Retningsliner og ressursar for drift og kvalitetssikring av undervisninga ved LLE** | |
|---|---|

Oppretting av ei ressursside fikk generell støtte og Hamm ba samtidig om oppdatering av nettsidene ved instituttet og ein klarare oversikt over kven som oppdaterer sidene. Når det gjeld ressurssida for undervisningssida som er foreslått i denne saka, er det naturleg at det er studieleiar som kjem til å ha ansvaret for å vedlikehalde sida.

Leganger etterlyser ei lenkje på Mi side som studentane kan følgje for å finne ressurs-sida som er planlagd her. Instituttutvalet (IU) bør kome med på eit slikt dokument. IU

| **UUI-sak 29/13: Årshjul for studiesida** | |
|---|---|

Hamm og Gujord melde at dei ikkje såg det hensiktsmessig at fagkoordinatorane skulle ha den første kontakten med eksterne sensorar i samband med eksamensavviklinga. Undervisningsleiinga understreka at det er fagmiljøet som best kan avgjere kven som har kompetanse til å sensurere på dei ulike felta og at det hensiktsmessig at første kontakt vert tatt av fagkoordinator eller andre i fagmiljøet,

medan eksamenskonsulent tar hand om alt det praktiske informasjons- og koordineringsarbeidet i etterkant.

**UUI-sak 30/13: Eventuelt**

Leganger melde at instituttutvalget ved LLE er fornøyde med åpninga av semesteret.

25. september 2013

Hilde G. Corneliussen
*undervisningsleiar*

Ranveig Lote
*studieleiar*

Merknadsfrist: 2.10.
Det kom merknad til ei formulering i omtalen av sak 22/13.
Referatet er oppdatert i tråd med merknaden.

| **O-sak 2: Alumnusdagar 9.-10. mai 2014** |
|---|
| Munnleg orientering. |

| **UUI-sak 33/13: NOKUT-tilsyn med masterprogram i historisk-filosofiske fag** | |
|---|---|
| Vedlegg 1 | Brev frå NOKUT – første bestilling 19.02.13. https://w3.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/vedlegg_1_-_nokut-sak.pdf |
| Vedlegg 2 | Brev frå NOKUT – oppfølging av dialogmøtet med mastergradsstudia i kunsthistorie og teatervitskap https://w3.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/vedlegg_2_-_nokut-sak.pdf |
| Vedlegg 3 | Læringsutbyteomtale frå studieplanen for masterprogrammet i teatervitskap, utgreiing frå fagmiljøet og mal for praksisavtale knytt til TEAT313. |
| Vedlegg 4 | Læringsutbyteomtale frå studieplanen for masterprogrammet i kunsthistorie og utgreiing frå fagmiljøet. |
| Vedlegg 5 | Tilsynsforskrifta: http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?ltdoc=/for/ff-20110127-0297.html |
| Vedlegg 6 | NKR (Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk) for MA-nivå. |
| Vedlegg 7 | Tabell-malar frå NOKUT |

**Saksomtale**:

**Bakgrunn**
NOKUT gjennomfører i 2013 eit tematisk tilsyn med historisk-filosofiske masterprogram i heile Noreg. Ved LLE omfattar dette masterprogramma i teatervitskap og kunsthistorie. I tilsynet vurderer NOKUT «om studiene tilfredsstiller kravene som er gitt i NOKUTs forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (tilsynsforskriften)» (henta frå brev frå NOKUT om «Tilsyn med mastergradsstudiet i kunsthistorie», datert 19.02.13. Sjå vedlegg 1).

**NOKUT sin tilsynsmodell**
NOKUT har ein eigen modell for tilsyn med eksisterande studietilbod, som er omtala her: http://www.nokut.no/Tilsyn-med-eksisterende-studietilbud




Som modellen viser er første fase i tilsynet ei kartlegging av tilgjengeleg dokumentasjon.

**Bestillinga frå NOKUT i tilsynet av kunsthistorie og teatervitskap**
Etter å ha samla inn tilgjengeleg dokumentasjon om studia frå UiB sine nettsider, tok NOKUT kontakt med UiB og ba om utgreiing av ein del punkt der dei ikkje hadde funne tilstrekkeleg informasjon på nettet. (Sjå vedlegg 1.) Punkta dei ønskte dokumentasjon på kunne variere noko frå program til program, men ein god del var likevel felles. Dei første sju punkta under var felles for kunsthistorie og teatervitskap, medan dei to siste var tilleggsspørsmål til teatervitskap. Paragrafane viser til tilsynsforskrifta, som tilsynet er hjemla i (vedlegg 6).

§ 4-1 2 Krav i aktuelle forskrifter
§ 4-1 4 Arbeidsomfang for studentene
§ 4-2 2a Læringsutbyttebeskrivelse
§ 4-2 2b Relevans for arbeidsliv og/eller videre studier
§ 4-3 1 Fagmiljø
§ 4-3 3 FoU
§ 4-3 4 Nettverk og samarbeid

§ 4-1 3 Studentrekruttering og læringsmiljø
§ 4-1 5 Praksisavtaler

Fagmiljøa for teatervitskap og kunsthistorie sendte i samarbeid med undervisningsleiinga og administrasjonen inn den etterspurde dokumentasjon til NOKUT i mars 2013. NOKUT varsla allereie før innsending av dokumentasjonen at dei ønskte dialogmøte med fagmiljøa i juni.

**Dialogmøte med NOKUT**
I dialogmøta med NOKUT i juni 2013 var fakultetsrepresentantar, studentar, fagkoordinator og undervisningsleiinga ved instituttet, samt studiekonsulent, til stades. NOKUT ga konkret tilbakemelding på den dokumentasjonen dei hadde fått inn frå fagmiljøa. Ein viktig konklusjon var at læringsutbyteomtalane i studieplanane for masterprogramma ikkje oppfyller krava i NKR på ein tilfredsstillande måte.

NOKUT legg til grunn at læringsutbytet (LU) må setjast opp i tråd med tredelinga i NKR: “Kunnskapar”, “Ferdigheiter”, “Generell kompetanse”. Deretter legg NOKUT til grunn at det dei kallar “temaa” under kvar kategori (kulepunkta i NKR) vert dekka. Det er mogleg å tilpasse temaa til det aktuelle programmet, og programmet må då kunne gjere greie for kvifor dette er naudsynt/ønskjeleg. Det er også viktig for NOKUT at nivået kjem tydeleg fram, slik at skilnaden mellom BA og MA er tydeleg.

Tilsynsforskrifta krev at minst 10 % av det samla fagmiljøet skal vere professorar og at ytterlegare 40 % skal vere tilsette med førstestillingskompetanse. Dette måler NOKUT i del av det totale årsverket som blir nytta på studieprogrammet. NOKUT ba om at fagmiløja rapporterte dette inn på nytt, då innrapporteringa i første omgang ikkje var tilfredsstillande.

På punktet “Arbeidsomfang for studentane” (sjå evt tabell i vedlegg 7) var NOKUT sitt rapporteringsskjema for uklårt til at dei fekk inn relevante tal i første runde. Dei vil derfor arbeide vidare med korleis dei skal nærme seg ei måling av “tilrettelagt undervisning/stimulans til læring”.

**Oppfølging av dialogmøta**
I etterkant av dialogmøta i juni ba NOKUT derfor om at fagmiljøa blant anna måtte jobbe vidare med læringsutbyteomtalane sine slik at dei var i tråd med NKR (vedlegg 3 og 4). Dette har fagmiljøa følgd opp, dei har arbeidd med tekstane, diskutert dei i programstyra og skrive ei utgreiing til NOKUT om korleis dei meiner å oppfylle krava i NKR. I tillegg vart dei bedne om å leggje fram tal for kor mykje kvar tilsett

bidrar med undervisning i masterstudiet. Teatervitskap har dessutan blitt bedne om å utvikle ein mal for praksisavtaler.

Fagmiljøa vart ikkje bedne om å melde inn ytterlegare informasjon på dei andre punkta i tilsynet.

**Handsaming i UUI og overføringsverdi til andre fagmiljø**
Undervisningsleiinga legg i denne omgang saka fram til diskusjon og informasjon i UUI. UUI vert i første omgang bedne om å ta saka til etterretning. I studieplanane ved HF og LLE har ein fram til no tolka NKR sitt oppsett og tema meir eller mindre rettleiande, medan vi no har erfaring med at NOKUT krev at institusjonane følgjer malen/oppsettet i NKR strengare. Fakultetet har signalisert at dei vil ta opp att arbeidet med læringsutbyteomtalar og NKR i studieplanane på studieprogramma ved HF når det pågåande mastergradstilsynet er avslutta.

## Framlegg til vedtak:
UUI tar saka til etterretning.

**Vedlegg 1: Brev frå NOKUT – første bestilling 19.02.13, inkl. tabell.** Sjå eiga lenkje på nettsida til UUI.

**Vedlegg 2: Brev frå NOKUT – oppfølging av dialogmøtet med mastergradsstudiet i hhv. kunsthistorie og teatervitskap.** Sjå eiga lenkje på nettsida til UUI.

**Vedlegg 3:**
**Læringsutbyteomtale frå studieplanen for masterprogrammet i teatervitskap og utgreiing frå fagmiljøet:**

**Læringsutbyte/resultat i studieplanen for masterprogrammet i teatervitskap:**

**Kunnskapar**

Etter fullført mastergrad skal studenten ha

- Avansert kunnskap om teatret si historie og teatervitskapen sine systematiske område
- avansert og detaljert kunnskap på eiga spesialfelt (masteroppgåva)

- omfattande og god kunnskap om teatervitskapelege teoriar og forskingsmetodar
- god forståing for teatervitskapen sine underliggande vitskapsteoretiske problemstillingar
- grunnleggjande kjennskap til forskingsetiske og yrkesetiske spørsmål innanfor teater og teaterforsking

**Ferdigheiter**

Etter fullført mastergrad skal studenten

- kunne planleggje og gjennomføre eit større sjølvstendig forskingsprosjekt under rettleiing
- kunne nytte teatervitskapelege teoriar og metodar til å analysere nye faglege problemstillingar innanfor teatervitskapen sine fagområde
- kunne analysere og ha ei kritisk haldning til etablerte teatervitskapelige teoriar
- kunne analysere og ha ei kritisk haldning til ulike typar av informasjonskjelder
- kunne tileigne seg ny kunnskap ut over lærestoffet som inngår i studiet, og nytte denne kunnskapen innanfor forsking og formidling

**Generell kompetanse**

Etter fullført mastergrad skal studenten

- kunne drøfte, argumentere og ta sjølvstendig standpunkt til problemstillingar innanfor teaterforsking, praktisk teater og teaterpolitikk
- kunne formulere løysingsforslag til teaterrelaterte problemstillingar i tekst og munnleg framføring
- kunne bidra til kritisk nytenking og fagleg utvikling innanfor teater og teatervitskap

## Utgreiing frå fagmiljøet:

## Til NOKUT

## Kommentarer til reformuleringen av masterprogrammet teatervitenskap ved UiB i forbindelse med NOKUT-tilsynet 2013

### Generelle merknader til arbeidet med læringsutbyttebeskrivelsene

Det har vært en positiv «selverkjennelses»-prosess for fagmiljøet ved teatervitenskap å bearbeide beskrivelsen av mastergradsprogrammet med direkte utgangspunkt i kvalifikasjonsrammeverket (KR).

Enkelte av formuleringene og føringene i KR kan imidlertid være vanskelig å tolke i forhold til og tilpasse til studiets innhold og fagmiljøets forventninger om læringsutbytte (LU). Generelt har vi i arbeidet vært opptatt av å få frem fagmiljøets reelle krav og forventninger i LU-beskrivelsene, frem for å benytte standardformuleringer i KR.

Vi opplever at det på noen punkter kan være vanskelig å forstå logikken i disponeringen i KR mellom Kunnskap, Ferdigheter og Generell kompetanse. Når det for eksempel i KR under Kunnskaper står: «*kan anvende* kunnskap på nye områder innenfor fagområdet» og «*kan analysere* faglige problemstillinger med utgangspunkt i fagområdets historie… etc», da mener vi dette må anses som akademiske *ferdigheter* og ikke som kunnskaper. Vi har derfor i våre LU-beskrivelser valgt å anføre analytiske ferdigheter under Ferdigheiter. Derfor er vår LU-beskrivelse disponert slik at den ikke slavisk følger disponeringen i KR. Vi mener imidlertid at vi i vår LU-beskrivelse for masterstudiet har etterfulgt tilnærmelsesvis alle føringer i KR. Men vi vil understreke nødvendigheten av fagspesifikk formulering og utforming. For eksempel igjen pkt 4 under Kunnskap, «kan analysere faglige problemstillinger med utgangspunkt i fagområdets historie… etc». Dette punktet er i våre LU-beskrivelser blitt reflektert i flere punkter under både Kunnskaper og Ferdigheiter: pkt 3 og 4 under Kunnskaper og pkt 3 under Ferdigheiter.

Vi mener også at vi klart har synliggjort masternivået i våre LU-beskrivelser. Men det ville være misvisende om man skriver at studenten skal ha «avanserte» og «inngående» kunnskaper og ferdigheter på alle områder. Masterstudenten skal ha avanserte og inngående kunnskaper på masteroppgavens spesialfelt. Og studenten skal i vårt studium ha omfattende og avanserte kunnskaper innen teaterhistorie samt det vi betegner som teatervitenskapens systematiske områder. Når det gjelder mangfoldet av forskningsrelaterte teoridannelser og underliggende vitenskapsteoretiske problemstillinger kan man ikke kreve avanserte kunnskaper av en masterstudent, men de skal ha gode og grunnleggende kunnskaper om dette, slik at de har et godt grunnlag for selvstendig akademisk arbeid og for eventuell å begynne en forskningskarriere gjennom et ph.d-studium.
Forskningsetiske og yrkesetiske problemstillinger mener vi må forstås som kunnskaper, og har anført dette her. Slike kunnskaper er viktig, blant annet fordi teater er et kulturfelt hvor det offentlige og det private møtes og veves sammen på egenartede måter. Men innenfor rammene av et masterstudium er det ikke mulig å formidle avanserte kunnskaper om de etiske problemstillinger knyttet til dette, og vi anser det heller ikke som nødvendig. Avgjørende for oss er at masterstudenten har tilegnet seg grunnleggende forståelse for dette og følger gjeldende retningslinjer på dette området i forhold til egen forskning og adferd i teaterfeltet.

**Merknader til TEAT313 Prosjektoppgåve basert på deltaking i teaterproduksjon**

Det praksisrelaterte valgfrie emnet TEAT313 er selv om det er et emne få studenter tar, prinsipielt viktig for oss. Det kan gå flere år hvor ingen tar det, fordi studentene oftest velger TEAT311 eller TEAT312 blant våre tre valgfrie masteremner. TEAT313 tydeliggjør et grunnleggende forhold i teatervitenskapens faglige identitet: koblingen mellom teoretiske studier og det utøvende teater. Praksisdimensjonen er viktig i forhold til utvikling av teatervitenskapelig kompetanse og naturligvis også i forhold til studentenes yrkesmuligheter etter endt studium. Vi vil imidlertid understreke at det i teatervitenskapen ikke gis noen praksis-kunstnerisk undervisning og utdanning. Formålet med praksis i TEAT313 er at studentens skal erfare hvordan teaterproduksjon foregår i praksis. Videre i emnet skal studenten skrive en akademisk oppgave hvor erfaringer og kunnskaper fra teaterpraksis skal integreres med analyser og teoretisk refleksjoner. Heri ligger en grunnleggende teatervitenskapelig metode som studentene innføres i i flere av våre emner, og TEAT113 er bare én tilrettelagt variant av dette. Praksis i TEAT313 er derfor å forstå som et feltarbeid, og ikke som et praktisk-kunstnerisk arbeid. Det som bedømmes ved eksamen i emnet er utelukkende det skriftlige akademiske arbeidet, ikke den gjennomførte praksisen. Som ramme omkring TEAT113, har vi i tillegg til emnebeskrivelsen, skriftlige rammeavtaler med 6 teaterinstitusjoner i Bergensområdet om mulige praksisplasser (DNS, BIT, Carte Blanche, Hordaland Teater, Vestlandske Teatersenter og Studentteateret Immaturus). Disse avtaler er inngått med teatersjefene. Videre har vi en kontraktsmal som skal benyttes ved inngåelsen av den individuelle praksisavtalen. Denne kontrakten skal utfylles og signeres av praksisinstitusjonen v/kontaktperson, studenten og emneansvarlig. I kontrakten skal det fremgå hvem som er studentens kontaktperson og veileder ved institusjonen. Kontaktpersonens stilling og kompetanse skal spesifiseres. Det skal formuleres hvilke arbeidsoppgaver studenten skal utføre. Og det tidsmessige omfanget av praksisperioden skal beskrives. Ansvarsfordelingen mellom de ulike partene er formulert i kontrakten. Og det fremgår tydelig av kontrakten, at det er emneansvarlig ved teatervitenskap som har det overordnede faglige ansvar.

Eksempler på rammeavtaler og kontraktsmal er vedlagt oversendingen til NOKUT.

Keld Hyldig
Fagkoordinator for teatervitenskap, LLE, UiB

26.10.2013

**Mal for praksisavtale knyttet til TEAT313:**
Universitetet i Bergen,
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
TEAT313 *Prosjektoppgåve basert på deltaking i teaterproduksjon*

# Kontrakt for studentpraksis mellom Universitetet i Bergen, emnet TEAT313

# og vertsinstitusjon

…………………………………………........

# og student

…………………………………………........

Returadresse:
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier v/ Keld Hyldig, Pb 7805, 5020 Bergen.
Kontaktperson: Fagkoordinator/emneansvarlig Keld Hyldig, tel 55588354. e-post: keld.hyldig@lle.uib.no

**Pkt. 1. Hva kontrakten gjelder**
Universitetet i Bergen v/ emneansvarlig for
TEAT313…………………………………………………..

og
institusjonen…………………………………………………………………………….........

v/
………………………………………………………………………………………………

og
studenten………………………………………………………………………………
inngår med dette avtale om at studenten som en del av TEAT313 *Prosjektoppgåve basert på deltaking i teaterproduksjon* gjennomfører praksis ved institusjonen.

**Pkt. 2. Vertsinstitusjonens faglige ansvarlige**

Vertsinstitusjonens navn, adresse, tel., e-post
…………………………………………………........

………………………………………………………………………………………………

v/ kontaktperson (navn, adresse, tel, e-post)…………………………………......................................

……………………………………………………………………………………...............

Kontaktpersonen ved vertsinstitusjonen skal ha kunstnerisk eller administrativt ansvar i samband med teaterproduksjon ved vertsinstitusjonen.

Kontaktpersonens kompetanse/stilling:
...................................................................................................

………………………………………………………………………………………………

**Pkt. 3. Studenten**

Studentens navn, adresse, tel, e-post…………………………………………………………………..

………………………………………………………………………………………………

**Pkt.4. Tidspunkt for og omfang av praksisperioden**

Studenten har praksis i et timeantall tilsvarende inntil fire normalarbeidsuker (150 timer) innenfor

semesteret (vår eller høst og kalenderår)…………………………………………………………………...

I perioden(e)(angi ukenummer, datoer og antall timer) …………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………

…………………………………………………………………………………………………

**Pkt. 5. Innholdet i praksis**
Studentens arbeidsoppgaver skal være faglig relevant for masterutdanning i teatervitenskap og gi studenten et materiale som kan benyttes til oppgaveskriving i TEAT313. Se vedlagte fagplan for TEAT313. Arbeidsoppgavene defineres ved kontraktsinngåelse i dialog mellom Universitetet i Bergen v/ emneansvarlig TEAT313, vertsinstitusjonen v/ kontaktpersonen og studenten.

Spesifiserte arbeidsoppgaver………………………………......................................................................

……………………………………………………………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………

**Pkt. 6. Rolle-og ansvarsfordeling**
Emneansvarlig TEAT313 har et overordnet ansvar for gjennomføringa av studentens praksis. I dette ligger

- ansvar for å ta initiativ til og sammen med vertsinstitusjonens kontaktperson og studenten å formulere innholdet i praksisen

- ansvar for kontraktsinngåelse mellom partene
- ansvar for å holde kontakt med vertsinstitusjonen og studenten underveis i praksisperioden

Vertsinstitusjonen v/kontaktpersonen har det daglige ansvaret for gjennomføringen av studentens praksis. I dette ligger

- ansvar for sammen med emneansvarlig TEAT313 og studenten å formulere innholdet i praksisen
- ansvar for jevnlig kontakt med og veiledning av studenten i forhold til de avtalte arbeidsoppgaver

Studenten har ansvar for å gjennomføre sin praksis i samsvar med denne avtalen. I dette ligger

- ansvar for sammen med emneansvarlig TEAT313 og vertsinstitusjonens kontaktperson å formulere innholdet i praksisen
- ansvar for å møte til avtalte tider og gjennomføre avtalte arbeidsoppgaver

**Pkt.7. Økonomi**
Vertsinstitusjonen mottar ikke godtgjørelse for vertsfunksjonen. Arbeidsoppgavene utført i vertsinstitusjonen lønnes ikke, og skal ikke påføre vertsinstitusjonen eller fagmiljøet ved UiB utgifter.

**Pkt. 8. Kontraktens gyldighet**
Dersom en eller flere av partene ønsker å endre innholdet i avtalen etter kontraktsinngåelse, skal dette gjøres i samforstand mellom partene.
Avtalen opphører å eksistere bare ved force majeur. Ingen av partene er ansvarlige for brudd på bestemmelsene i denne kontrakten når bruddet er forårsaket av forhold som partene ikke har kontroll over (som naturkatastrofer, brann, hærverk, personskade, sykdom eller dødsfall). Den av partene som rammes av force majeur-situasjonen plikter å varsle de andre partene umiddelbart.

**Pkt. 9. Sykdom**
Ved sykdom hos en av partene skal de andre partene varsles så snart det lar seg gjøre.

**Pkt. 10. Oppsigelse av kontrakt**
Vesentlig mislighold av kontrakten gir grunnlag for oppsigelse.

**Pkt. 11. Spesielle forhold vedrørende denne kontrakten**

………………………………………………………………………………………………

………………………………………………………………………………………………

………………………………………………………………………………………………

………………………………………………………………………………………………

……………………………………………………………………………………………………

**Pkt. 12. vedlegg**
Vedlagt ligger emnebeskrivelsen for TEAT313

Bergen, den …….. / …….. År ……………

Emneansvarlig TEAT313 v/

……………………………………………………………………………
(sign.)

Bergen, den …….. / …….. År ……………

Vertskapsinstitusjonen v/

……………………………………………………………………………………
(sign.)

Bergen, den …….. / …….. År ……………

Studenten ……………………………………………………………………….
(sign.)

## Vedlegg 4: Læringsutbyteomtale frå studieplanen for masterprogrammet i kunsthistorie og utgreiing frå fagmiljøet.

### Læringsutbyteomtale frå studieplanen for masterprogrammet i kunsthistorie:

**Kunnskap**

Kandidatar som har mastergrad i kunsthistorie frå Det humanistiske fakultet, Universitetet i Bergen, skal

- ha inngåande kunnskap om teori og metodar i kunsthistoriefaget
- ha avansert kunnskap om eit avgrensa kunsthistorisk felt (masteroppgåva)

- ha inngåande kunnskap om andre delar av kunsthistoria i historisk eller aktuelt perspektiv

**Ferdigheiter**

Kandidatar som har mastergrad i kunsthistorie frå Det humanistiske fakultet, Universitetet i Bergen, skal

- kunne nytte relevante teoriar og metodar på kunsthistorisk materiale
- kunne gjennomføre eit større, sjølvstendig kunsthistorisk forskingsprosjekt innan gitte tidsrammer
- kunne analysere og tolke kunsthistoriske objekt i diverse kontekstar
- kunne reflektere kritisk rundt komplekse grunnlagsproblem i faget
- kunne formidle kunnskapen sin munnleg og skriftleg for både spesialistar og eit breiare publikum
- ha opparbeidd seg sjølvstendig, estetisk vurderingsevne

**Generell kompetanse**

Kandidatar som har mastergrad i kunsthistorie frå Det humanistiske fakultet, Universitetet i Bergen, skal

- kunne nytte kunnskapen sin på nye område
- kunne utføre sjølvstendig vitskapeleg arbeid
- kunne ta del i diskusjonar om kunst- og kulturhistoriske spørsmål
- kunne gjøre rede for kunstens rolle i samfunnet
- kunne ta stilling til fag- og forskingsetiske spørsmål

## Utgreiing frå fagmiljøet:

## Redegjørelse for (hvordan vi oppfyller kravene til) læringsutbyttebeskrivelsen

For mastergradsstudiet i kunsthistorie har vi fulgt NOKUT's anbefalinger og delt læringsutbyttebeskrivelsen opp i kunnskap, ferdigheter og generell kompetanse.

Som kunnskaper vektlegger vi at kandidaten har inngående kunnskap om fagets teori og metode. Kandidaten skal ha avansert kunnskap innen det område hun/han har skrevet mastergradsoppgave om. Dessuten legger vi vekt på at kandidaten også har inngående kunnskap om andre aspekter av kunsthistorie og visuell kultur, så vel i historisk som i aktuelt perspektiv.

Under ferdigheter legger vi vekt på at kandidaten kan anvende de relevante teorier og metoder på kunsthistorisk materiale. Mastergradskandidaten skal kunne gjennomføre

større selvstendige forskningsprosjekt. Hun/han skal også kunne ta kritisk stilling til faglige problemstillinger.

Under generell kompetanse er det viktig at kandidaten kan arbeide selvstendig, kan formidle sine ferdigheter for et bredt publikum, kan anvende og utvikle sine kunnskaper på nye områder. Også fag- og forskningsetiske spørsmål er ivaretatt.

**Vedlegg 5:**
**Tilsynsforskrifta:** *http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?ltdoc=/for/ff-20110127-0297.html*

**Vedlegg 6: NKR (Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk) for MA-nivået**
http://www.nokut.no/no/NOKUTs-kunnskapsbase/Det-norske-utdanningssystemet/Nasjonalt-kvalifikasjonsrammeverk/Nivaer/

| **Kunnskap** | **Ferdigheter** | **Generell kompetanse** |
|---|---|---|
| Kandidaten...<br><br>• har avansert kunnskap innenfor fagområdet og spesialisert innsikt i et avgrenset område<br>• har inngående kunnskap om fagområdets vitenskapelige eller kunstfaglige teori og metoder<br>• kan anvende kunnskap på nye områder innenfor fagområdet<br>• kan analysere faglige problemstillinger med utgangspunkt i fagområdets historie, tradisjoner, | Kandidaten...<br><br>• kan analysere og forholde seg kritisk til ulike informasjonskilder og anvende disse til å strukturere og formulere faglige resonnementer<br>• kan analysere eksisterende teorier, metoder og fortolkninger innenfor fagområdet og arbeide selvstendig med praktisk og teoretisk problemløsning<br>• kan bruke relevante metoder for forskning og faglig og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid på en selvstendig måte<br>• kan gjennomføre et selvstendig, | Kandidaten...<br><br>• kan analysere relevante fag-, yrkes- og forskningsetiske problemstillinger<br>• kan anvende sine kunnskaper og ferdigheter på nye områder for å gjennomføre avanserte arbeidsoppgaver og prosjekter<br>• kan formidle omfattende selvstendig arbeid og behersker fagområdets uttrykksformer<br>• kan kommunisere om faglige problemstillinger, analyser og konklusjoner innenfor fagområdet, både med spesialister og til allmennheten |

| | | |
|---|---|---|
| egenart og plass i samfunnet | avgrenset forsknings- eller utviklingsprosjekt under veiledning og i tråd med gjeldende forskningsetiske normer | • kan bidra til nytenking og i innovasjonsprosesser |

| **UUI-sak 34/13: KVIK101 – redaksjonelle endringar i emneplan** | |
|---|---|
| Vedlegg 1 | **Saksomtale og vedtak frå programstyret for kjønnsstudium** |
| Vedlegg 2 | **Framlegg til ny emneplan for KVIK101** |

LLE har mottatt framlegg til justeringar i emneplanen for KVIK101 frå programstyret ved BA i kjønnsstudium. Endringane som er lagt fram for UUI her er å rekne som redaksjonelle endringar og kan iverksetjast frå våren 2014.

Ei anna endring som må gjerast på emnet men som ikkja kan iverksetjast no er ei presisering under vurderingsforma på emnet. Vurderingsforma på KVIK101 er ei mappe med justerande munnleg prøve. Mappa har to oppgåver, og ifølgje UiB si studieforskrift må vektinga mellom oppgåvene regulerast i emneplanen. Undervisningsleiinga har vore i kontakt med fakultetet for å sjekke om dette kan endrast no med tanke på innføring våren 2014, men har fått til svar at det er for seint, då dette er ei formell endring i vurderingsforma og ikkje kan reknast som ein redaksjonell endring.

Fristane for å gjere endringa med verknad frå våren 2014 er ute, men vektinga mellom mappeoppgåvene må presiserast til neste gong emnet skal gå.

> **Framlegg til vedtak:**
> UUI vedtar den justerte emneplanen på KVIK101 med verknad frå våren 2014. Vektinga mellom mappeoppgåvene på KVIK101 må presiserast og vedtakast før neste gong emnet skal gå, og seinast handsamast i UUI innan 1. september 2014.

**Vedlegg 1: Saksomtale og vedtak frå programstyret for kjønnsstudium**

**Saksomtale (frå innkalling til programstyremøte 30.09.13)**

Sak 9/13: Vedtakssak: Redaksjonelle endringer i emneplanen for KVIK101 (dokumentasjon vedlagt)

Saksbeskrivelse:
I fjor ble det foretatt omfattende endringer i emneplanen for KVIK 101. Etter å ha kjørt gjennom det nye opplegget én gang, har vi funnet at det er behov for å justere et par mindre ting. Det ene gjelder undervisningsformen, der vi ønsker å erstatte kollokvieundervisning med seminarundervisning. Det andre gjelder kravet til obligatoriske øvelser, der vi ønsker å erstatte obligatorisk veiledning av oppgave over oppgitt emne til obligatorisk veiledning av oppgave over sjølvalgt emne. I tillegg har vi spisset læringsmålene.

Forslag til vedtak:
Programstyret godkjenner de foreslåtte endringene i emneplanen for KVIK101.

**Vedtak (frå referat frå programstyremøte 30.09.13)**
Sak 9/13: Redaksjonelle endringar i emneplanen for KVIK101.
Jegerstedt orienterte om dei føreslåtte endringane og bakgrunnen for desse.

Vedtak:
Programstyret for kjønnsstudium bed UUI om at dei redaksjonelle endringane i emneplanen for KVIK101 blir vedtekne som føreslått i vedlegg 1. Endringane vert gjort gjeldande frå og med våren 2014.

**Vedlegg 2: Framlegg til ny emneplan for KVIK101**

Dei gamle formuleringane er lagt ved som kommentarar.

| Kategoriar | |
|---|---|
| Emnekode | KVIK101 |
| Emnenamn, nynorsk | Innføring i kjønnsstudium |
| Emnenamn, engelsk | Introduction to Gender Studies |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Vår |
| Undervisningsspråk | Norsk |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i |

| | |
|---|---|
| | Bergen. |
| Mål og innhald | KVIK101: Innføring i kjønnsstudium er eit emne som gir innføring i feministiske og kjønnsteoretiske perspektiv og tradisjonar. Emnet er fleirfagleg, med hovudvekt på humanistiske og samfunnsvitskaplege perspektiv.<br><br>Undervisninga gir ei grunnleggjande innføring i sentrale omgrep og spørsmål som gjeld kjønn og seksualitet innan ei rekkje fagområde. Emnet gir og ein presentasjon av den historiske utviklinga av fagfeltet og eit overblikk over idear knytte til kjønn og seksualitet innan ulike teoriutviklingar.<br><br>KVIK101 er eit obligatorisk emne i bachelorgraden i kjønnsstudium. |
| Læringsutbyte/resultat | Etter å ha fullført emnet skal studenten<br>• ha ei generell oversikt over sentrale problemstillingar i fagfeltet<br>• ha basiskunnskap om historiske utviklingsliner i kjønnsstudium som fagfelt<br>• kunne gjere greie for sentrale feministiske og kjønnsteoretiske perspektiv og tradisjonar.<br>• kunne drøfte relevansen av kjønnsteoretiske perspektiv på andre fagområde og på aktuelle problemstillingar<br>• kunne arbeide sjølvstendig med ei sjølvvald problemstilling og presentere resultat frå dette arbeidet munnleg og skriftlig |
| Krav til forkunnskapar | Ingen. |
| Tilrådde forkunnskapar | Generell studiekompetanse eller tilsvarande. |
| Undervisning og omfang | Undervisninga vil bli gitt som førelesingar, normalt 2 dobbelttimar i veka, og seminar, normalt 1 dobbelttime i veka.<br><br>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne |

**Comment [DCF1]:** KVIK101: Innføring i kjønnsstudium er eit emne som gir innføring i feministiske og kjønnsteoretiske perspektiv og tradisjonar. Emnet gir ein presentasjon av den historiske utviklinga av fagfeltet og eit overblikk over idear knytte til kjønn og seksualitet innan ulike teoriutviklingar.

Emnet er fleirfagleg, med hovudvekt på humanistiske og samfunnsvitskaplege perspektiv. Undervisninga gir ei grunnleggjande innføring i sentrale omgrep og spørsmål som gjeld kjønn og seksualitet innan ei rekkje fagområde.

**Comment [DCF2]:** KVIK101 er ein obligatorisk del av bachelorgraden i kjønnsstudium.

**Comment [DCF3]:** *Nye punkt*

**Comment [DCF4]:** Undervisninga vil bli gitt som førelesingar, normalt 12-14 dobbelttimar (2 x 45 minuttar)
Det vil også vere kollokvieundervisning.

| | |
|---|---|
| | kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttet sine retningsliner for dette på Mi Side. På emne der dette kan verte aktuelt vil studentane få informasjon om det ved semesterstart, og før fristen for semesterregistrering 1. februar / 1. september. |
| Obligatoriske arbeidskrav | i) Det er obligatorisk oppmøte på 75% av seminara i løpet av semesteret.<br><br>ii) Studenten skal halde eit munnleg framlegg knytt til skriving av sjølvvalt oppgåve.<br><br>iii) Studenten skal ha ei obligatorisk rettleiing knytt til skriving av den sjølvvalde oppgåva.<br><br>Sjå punkt om vurderingsformer angåande innlevering av oppgåver. |
| Vurderingsformer<br><br>(dvs. Eksamen) | Mappevurdering med justerande munnleg prøve.<br><br>Til mappa skal studenten levere to oppgåver (på mellom 2000 og 3000 ord kvar). Den eine oppgåva skal springe ut av det munnlege framlegget, basert på eigendefinert problemformulering, medan den andre oppgåva skal skrivast ut frå oppgjeve emne. Båe oppgåvene skal leverast mot slutten av semesteret. Mappa vil få ein samla karakter.<br><br>Etter at mappa er vurdert og bestått, går studenten opp til ei munnleg prøve som har tilknyting til mappa.<br><br>Den munnlege prøva kan justera karakteren på mappa opp eller ned med éin karakter. |
| Karakterskala | A-F. |
| Læremiddelomtale | Pensum knytt til KVIK101 er sett saman av tekstar henta frå ulike fagområde som tek opp spørsmål knytt til kjønn og seksualitet.<br><br>Tekstane er på norsk og engelsk.<br><br>Pensum er på om lag 1000 sider. |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Evaluering av tilbodet vert gjennomført i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem. |
| Kontaktinformasjon | Administrativt ansvarleg:<br>Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium |

**Comment [DCF5]:** kollokviesamlingane

**Comment [DCF6]:** ii) Studenten skal halde eit munnleg framlegg på kollokvia knytt til skriving av sjølvvalt oppgåve.

**Comment [DCF7]:** oppgåve ut frå gitt problemformulering.

**Comment [DCF8]:** Vurderingsforma er mappevurdering med justerande munnleg prøve.

**Comment [DCF9]:** Munnleg eksamen vil vere justerande på mappekarakteren.

Studenten må ha gjennomført dei obligatoriske aktivitetane for å kunne gå opp til eksamen.

**Comment [DCF10]:** Karakterskala A-F.

**Comment [DCF11]:** UiBs

| | |
|---|---|
| | E-post: studierettleiar@lle.uib.no<br><br>Fagleg ansvarleg:<br>Senter for kvinne- og kjønnsforskning<br>E-post: und@skok.uib.no |

| **UUI-sak 35/13: SAS2A og SAS2B** | |
|---|---|
| **Vedlegg 1** | Saksomtale frå programstyremøtet i nordisk |
| **Vedlegg 2** | Referat frå programstyremøte i nordisk |
| **Vedlegg 3** | Justerte emneplanar for SAS2A og SAS2B |

**Saksomtale**:
UUI har mottatt sak om endring i emneplanane for SAS2A og SAS2B. Saka heng saman med UUI-sak 23/13 frå møtet 02.09.13, som gjaldt SAS1. I denne saka la ein inn følgjande avgrensing knytt til opptaket til emnet: «*The course is open to exchange students and other students with upper secondary education from outside Norway with admission to the University of Bergen.”*

I handsaminga av emneplanen for SAS1, oppmoda UUI nordisk om å vurdere om same formulering burde leggjast inn i emneplanane for SAS2A og SAS2B. Også desse emna dekkjer pensum frå vidaregåande skule og dermed ikkje bør kunne takast av studentar som har avlagt norsk vidaregåande skule.

**Framlegg til vedtak:**
UUI vedtar emneplanane for SAS2A og SAS2B med verknad for hausten 2014.

**Vedlegg 1: Saksomtale frå programstyremøtet i nordisk**

Til medlemmene i programstyret for nordisk

Sirkulasjonssak 19/13
Frist for tilbakemelding fredag 27.9 kl. 13.00

| **Sak 19/13** | **Vedtakssak: Emneplanendring SAS2A og SAS2B** |
|---|---|

UUI vedtok i sak 23/13 ei emneplanendring for SAS1 under «Krav til studierett» (jf. Programstyresak 15/13). Endringa avgrensar målgruppa for emnet til utvekslingsstudentar og andre internasjonale studentar. I UUI-møtet vart det lagt fram forslag om at same formulering bør inn i emneplanane for SAS2A og SAS2B.

**Framlegg til vedtak:**
Programstyret for nordisk bed om at endringane i emneplanane for SAS2A og SAS2B blir gjort gjeldande frå og med våren/hausten 2014.

## Vedlegg 2: Referat frå programstyremøte i nordisk

Universitetet i Bergen
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

---

# Referat frå sirkulasjonssak i programstyret for nordisk

Tid: 24. september 2013
Frist for tilbakemelding: 27. september 2013.

### Sak 19/13 Vedtakssak: Emneplanendring SAS2A og SAS2B

Utanom enkelte språklege rettingar frå Ingvild Nistov, kom det ingen merknader frå programstyret innan fristen 27. september. Oppdaterte emneplanar for SAS2A og SAS2B, der målgruppa for emna er avgrensa til utvekslingsstudentar og andre internasjonale studentar, vil bli sendt til handsaming i UUI 4. november.

Endeleg vedtak i saka blir gjort på UUI-møtet 4. november. I tråd med fristar for studieplansaker ved HF, kan endringane først bli gjort gjeldande frå og med hausten 2014, og ikkje allereie våren 2014. Vedtak i saka er justert i tråd med dette.

**Vedtak frå programstyret i nordisk**
Programstyret for nordisk bed om at endringane i emneplanane for SAS2A og SAS2B blir gjort gjeldande frå og med hausten 2014.

01. oktober 2013

Torodd Kinn
*leiar i programstyret for nordisk*

Silje Grønner Stang
*studiekonsulent*

**Vedlegg 3: Justerte emneplanar for SAS2A og SAS2B**

**SAS2A gjeldande frå hausten 2014 – endringar markert i rødt**

| | |
|---|---|
| Kategoriar | |
| Emnekode | SAS2A |
| Emnenamn, nynorsk | Scandinavian Literature: 19th Century - Scandinavian Area Studies |
| Emnenamn, engelsk | Scandinavian Literature: 19th Century - Scandinavian Area Studies |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Autumn |
| Undervisningsspråk | English |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett<br>Kutta:<br>The course is open to all students with admission to the University of Bergen | *The course is open to exchange students and other students with upper secondary education from outside Norway with admission to the University of Bergen.* |
| Mål og innhald | The course provides an introduction to 19th century Scandinavian literature (drama, prose, poetry), comprising the period 1850-1900. Emphasis will be placed on the dramas of Ibsen and Strindberg, as well as on the development of the Scandinavian psychological realist novel (J.P. Jacobsen, J. Lie, A. Garborg, H. Bang, A. Skram). Knut Hamsun's subsequent «attack» on the realist/naturalist aesthetics of the Modern Breakthrough Period will be given special attention. |
| Læringsutbyte/resultat | By the end of this course the students should be able to explain and understand the mechanisms and driving forces behind the concept of "the Modern Breakthrough", and address the major debates and controversies connected with this literary period. They will also be able to understand how the various writers met and reshaped the challenge that the ideologies of |

| | |
|---|---|
| | the Modern Breakthrough provided. The course will give the students an overview of Scandinavian literary history and major canonical works. |
| Krav til forkunnskapar | The course requires spoken and written proficiency in English. |
| Tilrådde forkunnskapar | - |
| Undervisning og omfang | One lecture per week. Total of 12-14 lectures. |
| Obligatoriske arbeidskrav | None |
| Vurderingsformer | 7-day home exam and oral examination. |
| Karakterskala | A-F |
| Læremiddelomtale | |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Courses are evaluated regularly in accordance with the University of Bergen´s quality assurance system. |
| Kontaktinformasjon | Department of Linguistic, Literary, and Aesthetic Studies. E-Mail: advice@lle.uib.no |

**SAS2B gjeldande frå hausten 2014 – endringar markert i rødt**

| | |
|---|---|
| Kategoriar | |
| Emnekode | SAS2B |
| Emnenamn, nynorsk | Scandinavian Literature - 20th Century (Scandinavian Area Studies) |
| Emnenamn, engelsk | Scandinavian Literature - 20th Century (Scandinavian Area Studies) |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Spring. |
| Undervisningsspråk | English. |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett<br>Kutta:<br>The course is open to all students with admission to the University of Bergen | *The course is open to exchange students and other students with upper secondary education from outside Norway with admission to the University of Bergen.* |
| Mål og innhald | SAS 2B is an introductory course for English speaking students. It covers Scandinavian and Nordic literature from 1900 to the present with an emphasis on contemporary texts. The course attempts to develop readings of major canonical writers in the Nordic |

| | |
|---|---|
| | language area, underscoring the characteristics of this area socially, politically – and looking into how literature reflects, describes and interacts with international influences and the concept of "Scandinavian reality". Particular attention will be paid to questions of gender and gender roles in a Scandinavian context. The course will elaborate on works of Undset, Boye, Lagerkvist, Blixen, Vesaas, and Nexø (however, the exact list of authors could be subject to change). |
| Læringsutbyte/resultat | *This course aims at giving the students an overview of Nordic 20th Century literature through readings of some major works. This course will also provide the students with useful tools for literary analysis enabling them to conduct analysis and interpretation of literary works. By the end of the course the students will be able to explain major issues and controvercies in Scandinavian literary history, and relating these to key works of Scandinavian and Nordic writers.* |
| Krav til forkunnskapar | The course requires spoken and written proficiency in English. |
| Tilrådde forkunnskapar | - |
| Undervisning og omfang | One lecture per week. Total of 12-14 lectures. |
| Obligatoriske arbeidskrav | None. |
| Vurderingsformer | 7-day home exam and oral examination. |
| Karakterskala | A-F |
| Læremiddelomtale | - |
| Undervisningsstad | Bergen. |
| Emneevaluering | Courses are evaluated regularly in accordance with the University of Bergen´s quality assurance system. |
| Kontaktinformasjon | Department of Linguistic, Literary, and Aesthetic Studies.<br>E-Mail: advice@lle.uib.no |

| **UUI-sak 36/13: Utfyllande reglar ved HF - høyringssak** | |
|---|---|
| Vedlegg 1 | Høyringsbrev frå fakultetet |
| Vedlegg 2 | Framlegg til nye utfyllande reglar ved HF |
| Vedlegg 3 | Noverande utfyllande reglar ved HF: *http://www.uib.no/hf/23235/utfyllande-reglar-gradsstudium-ved-det-humanistiske-fakultetet* |
| Vedlegg 4 | Gradsforskrifta ved UiB: *http://link.uib.no/?YoXx* |

**Saksomtale:**
HF oppdaterer *Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultet til Forskrift om opptak, studier, eksamen og grader ved Universitetet i Bergen*, og har sendt eit framlegg på høyring til institutta. LLE sin høyringsfrist er 5. november og UUI vert høyringsinstans for saka.

Høyringsdokumenta vart sendt ut til fagkoordinatorane den 8. oktober med oppmoding om at fagmiljøa spelar inn eventuelle kommentarar til UUI innan 21. oktober. Fagmiljøa har ikkje meldt inn særskilte kommentarar. Undervisningsleiinga har utarbeidd eit framlegg til høyringssvar frå LLE, med utgangspunkt i dei punkta som fakultetet har kommentert særskilt i høyringsbrevet:

HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ LLE:

1. Fakultetet gjer framlegg om at krav til examen facultatum vert redusert frå 20 til 10 studiepoeng. I framlegget som er sendt ut på høyring er ordlyden: «I bachelorgraden er det krav om minimum eitt (totalt 10 studiepoeng) / maksimum to (totalt 20 studiepoeng) examen facultatum-emne i tillegg til examen philosophicum.»

LLE er skeptisk til at dette vert tatt inn i Utfyllande reglar no, og meiner at dette føregrip og legg føringar for utgreiinga til arbeidsgruppa som vart satt ned av Studiestyret i møte 5. april. Studiestyret oppnemnde arbeidsgruppa etter bestilling frå Fakultetsstyret (19.02.13, S 8/13) og arbeidsgruppa har som mandat blant anna å «arbeide videre med spørsmål knyttet til hvordan examen facultatum skal dimensjoneres og organiseres ved fakultetet. Ett viktig perspektiv i arbeidet skal være behovet for en innføring i fagene i første semester/førstesemesteret.»

2. LLE støttar framlegget til endringar i § 2 knytt til «Forkurs».

3. LLE støttar fremlegget til endringar i utfyllande reglar til kapittel 3 Studium

4. Til § 3.4 Fritak og innpassing av examen philosophicum og innføringsemner/examen facultatum
LLE støttar framlegget om at examen facultatum frå andre fakultet ved UiB og frå andre lærestader kan innpassast på same måte.

Når det gjeld omgrepet «innføringsemne» så er dette i utfyllande reglar sett opp som synonymt med examen facultatum, truleg fordi dette ligg i Gradsforskrifta. LLE rår til at omgrepet ikkje blir brukt ved HF, fordi det er tvetydig og kan gi inntrykk av at det kan finnast andre typar innføringsemne til graden i tillegg til ex. phil. og ex.fac. Vi rår til at Utfyllande reglar gjer greie for skilnaden mellom å examen facultatum som innføringsemne til graden, og eventuelle fagemne i første semester av ein grad, som eventuelt ville fungere som introduksjon til eit fag eller ei spesialisering, altså som eit fagemne. Slike emne vil kunne ha funksjon som frie studiepoeng dersom dei er valfrie, eller som obligatoriske programemne, dersom dei vert gjort obligatoriske i studieplanen til eit gitt program.

5. Til kapittel 4 Opptak og utdanningsplan
LLE støttar framlegget om å legge inn ei moglegheit for å avslå søknad om opptak til masterprogram for andre gong. Instituttet er derimot noko usikre på om kriteriet "dersom studenten sine rettleiingsressursar er uttømte" vil vere mogleg å handheve på ein god og konsekvent måte. Tyder dette at studenten må ha brukt opp alle sine potensielle seks semester på studiet? Kva med ein student som har brukt fire semester, men ikkje overhalde pliktane sine i rettleiingskontrakten om å levera tekst og møte til rettleiing? Instituttet gjer framlegg om at punktet vert omformulert, til dømes slik:

"I samråd med instituttet kan fakultetet avslå ein søknad om nytt opptak til eit masterprogram dersom studenten har brukt opp minimum fire semester/normert tid og ikkje har overhalde forpliktingane i rettleiingsavtalen."

6. LLE støttar fremlegget om endringar i utfyllande reglar til kapittel 6.

**Framlegg til vedtak:**

UUI vedtar høyringsfråsegnet og ber instituttet om å sende det inn på vegner av LLE. Eventuelle merknadar frå møtet blir tatt inn i høyringsfråsegnet før innsending.

**Vedlegg 1: Høyringsbrev frå fakultetet**

Institutt for fremmedspråk
Griegakademiet - Institutt for musikk
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier

| Referanse | Dato |
|---|---|
| 2013/10998-MAI | 30.09.2013 |

## Høringsbrev om utfyllende regler ved HF

I forbindelse med at UiB vedtok **Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen** (heretter kalt forskriften) som trådde i kraft 1. august 2012 er det nødvendig å gjøre endringer i Utfyllande reglar for gradsstudium ved Det humanistiske fakultet.

En del av endringene er knyttet til henvisning til paragrafer. I tillegg er deler av det som var med i de gamle utfyllende regler tatt med i forskriften og er derfor fjernet fra utfyllende regler.

I tillegg har vi foreslått noen realitetsendringer:

1. Krav til examen facultatum er redusert fra 20 til 10 studiepoeng. Dette innebærer at programmene selv kan vedta hvorvidt de ønsker 10 eller 20 studiepoeng examen facultatum. I forskriften er omfanget på examen facultatum begrenset oppad til 20 studiepoeng, og det foreligger også et krav om at ex.fac. kan erstattes av andre ex.fac. emner ved UiB. Av den grunn er det tatt med at ex.fac emner ikke kan være forkunnskapskrav.

2. I de gamle utfyllende regler fantes det en definisjon på forkurs og innføringsemner:

   «Til §2 Definisjonar

**Forkurs** - Emne som ligg under 100-nivå. Forkurs på inntil 15 studiepoeng kan inngå i bachelorgrader, men ikkje som innføringsemne og ikkje som del av spesialiseringa.

**Innføringsemne** - Emne som er del av førstesemesterstudiet, og som ikkje kan inngå i spesialisering.»

Vi er usikker på om det er behov for å ha dette med videre. Forskriften åpner for å ha innføringsemner (§ 3.1 punkt (4)), i tillegg til examen facultatum og med nummerering /nivåangivelse som avviker fra den ordinære inndeling i 100-, 200- og 300-nivå.

Etter vårt syn kan denne type informasjon angis i emnebeskrivelsen og punktet kan derfor utelates.

3. **Til Kapittel 3 Studium**
   Mal for studieplaner er erstattet av krav om å følge retningslinjer gitt i Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket slik de er konkretisert ved UiB

4. **Til § 3.4 Fritak og innpassing av examen philosophicum og innføringsemne/examen facultatum**
   Retningslinjer for innpassing av ex.phil. og ex.fac. fra UiB og fra andre læresteder har vært svært fragmentert og vanskelig å forholde seg til. I forslag til utfyllende regler har vi prøvd å forenkle dette. Ex.phil. fra andre læresteder må innpasses (jf § 3.4 i forskriften). I vårt forslag må ex.fac. fra UIB og andre læresteder innpasses uten videre. Dette er tatt inn fordi forskriften fastsetter at alle ex.fac emner ved UiB skal være likestilte, slik at det blir vanskelig å begrunne hvorfor ex.fac fra andre læresteder ikke skal la seg innpasse.

   Dette er ment å omfatte emner som er angitt som ex.fac. ved det aktuelle lærestedet, og avhengig av studieplanen for det aktuelle programmet emnet innpasses i, kan 10 eller 20 studiepoeng ex.fac innpasses. Kun emner som er angitt som ex.fac. kan erstatte ex.fac. hos oss, med mindre det foreligger en faglig godkjenning. Dersom studieplanen for programmet angir at det første semesteret inneholder 10 studiepoeng ex.fac og 10 studiepoeng ordinære emner, må studieplanene angi hvorvidt de/det ordinære emnet er obligatorisk i programmet eller ikke.

5. **Til kapittel 4 Opptak og utdanningsplan**
   Punktet «Til punkt (2) I samråd med instituttet kan fakultetet avslå ein søknad om nytt opptak til eit masterprogram dersom studenten sine rettleiingsressursar er uttømte, jf. § 4.1 (6).» Punktet er i hovedsak tatt med for å ha mulighet for å begrense studenter som søker opptak til master gjentatte ganger uten å bli ferdig.

6. I kapittelet om vurdering er det foretatt en del oppklaringer blant annet at beskrivelser av deler og vekting med mer for mappevurdering skal inn i emnebeskrivelsen jf. tidligere sak i Studiestyret. Vi har foreslått å

ta med at det ikke er nødvendig å ha vurdering i emner hvert semester dersom vurderingsordningen tilsier at det er vanskelig (til punkt (2)).

Vi ber med dette om kommentarer, innspill og annet til utfyllende regler **innen 1. november**. Følgende er vedlagt:
Vedlegg 1: Forslag til nye Utfyllande regler for gradsstudium ved Det humanistiske fakultet
Vedlegg 2: Utfyllande reglar for gradsstudium ved Det humanistiske fakultet
Vedlegg 3: Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen,

Vennlig hilsen

Ronald Worley
studiesjef

Maj Brit Iden
seniorkonsulent

## Vedlegg 2: Framlegg til nye utfyllande reglar ved HF

Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultet til *Forskrift om opptak, studier, eksamen og grader ved Universitetet i Bergen*

# Til kapittel 2 Grader

### Til § 2.4 Krav til omfang og samansetting av grada bachelor

Til punkt (1)
Krav til omfang og samansetting av bachelorgrada er omtalt i studieplanen for programmet, jf. § 3.1 (2).

Til punkt (1) b)
Alle examen facultatum-emne ved fakultetet har nemninga «examen facultatum» i emnenamnet. I bachelorgrada er det krav om minimum eitt (totalt 10 studiepoeng) / maksimum to (totalt 20 studiepoeng) examen facultatum-emne i tillegg til examen philosophicum. Emne som er forkunnskapskrav kan ikkje inngå i examen facultatum.

Til punkt (1) c)
Bachelorprogram ved Det humanistiske fakultet skal ha ei spesialisering på 90 studiepoeng.

Til punkt (1) d)
Grada skal normalt innehalde eit sjølvstendig arbeid med eit omfang på minst 15 studiepoeng.

**Til § 2.5 Krav til omfang og samansetting av grada master**

Til punkt (1)
Krav til omfang og samansetting av mastergrada er omtalt i studieplanen for programmet, jf. § 3.1 (2).

Oppgåva knytt til mastergrada skal normalt ha eit omfang på 60 studiepoeng, med eit samla sidetal på 70-110 sider. Fakultetsstyret kan vedta at enkelte program kan ha mindre omfang på oppgåva, men ikkje mindre enn 30 studiepoeng.

Når ein student har fått opptak til eit masterprogram skal han/ho inngå ein rettleiingskontrakt med instituttet etter nærare retningsliner fastsett i studieplanen for programmet. Brot på kontrakten medfører tap av studieplass.

Normert studietid for heiltidsstudentar er fire semester. Normert studietid for deltidsstudentar er åtte semester. Studentar kan søke om å få rettleiingskontrakten forlenga og utdanningsplanen justert innan dei gjeldande fristane. Ein søknad om eit femte semester vert handsama av instituttet, ein søknad om eit sjette semester vert handsama av fakultetssekretariatet. Til søknaden må studenten legge ved ein framdriftsplan som er godkjent av rettleiar og fagkoordinator. Samla maksimal studietid for studentar som følger normert studietid vert såleis seks semester. Deltidsstudentar kan på same måte søke om forlenging. Dei søker til instituttet om inntil to semester forlenging og fakultetssekretariatet om ytterlegare to semester, til dei same fristane som heiltidsstudentar. Maksimal studietid for deltidsstudentar vert såleis 12 semester

## Til kapittel 3 Studium

Fakultetsstyret vedtek endringar i studiestruktur som omfattar oppretting og nedlegging av studieprogram og fag og oversender sakene til universitetsstyret. Instituttet vedtek endringar i studieplanar og emneomtalar og melder dei til fakultetet innan dei gjeldande fristane.

Storleiken på emne ved Det humanistiske fakultet er normalt 15 studiepoeng på bachelornivå. Mindre einingar på 10 og 5 studiepoeng kan verte brukte når særskilte og faglege omsyn talar for det. Det må vere mogeleg å ta emne frå fleire fag samstundes. Emne knytte til utøvande musikkutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning kan ha avvikande emnestorleik.

Undervisning i eit emne går vanlegvis gjennom heile semesteret. Studentar skal ha høve til å følge undervisning i fleire emne samstundes. Som hovudregel skal det vere undervisning i emna éin gong i studieåret, med mindre oppbygginga av studieprogrammet krev noko anna.

Ei spesialisering kan femne om emne frå meir enn eitt fag. Studieplanane og emneomtalane gir opplysningar om kva kombinasjonar som er godkjente som

spesialisering i bachelorgrada og kva for masterprogram spesialiseringa utgjer opptaksgrunnlag for. Studieplanane og emneomtalane gir òg opplysningar om kva for emne som fyller krav til eitt eller fleire skriftlege arbeid på minst 15 studiepoeng i bachelorgrada. Desse emna er skal normalt vere nummerert med ein 25x-kode.

Kvart emne har eit tilrådd startgrunnlag, og det vil berre i særskilte tilfelle verte stilt krav til forkunnskapar. Opplysningar om godkjente kombinasjonar, tilrådd startgrunnlag og krav til forkunnskapar skal finnast i emneomtalen.

Oppsett i studieplanar og emneomtalar skal samsvare med retningsliner gitt i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.

### Til § 3.4 Fritak og innpassing av examen philosophicum og innføringsemne/examen facultatum

Examen philosophicum som er avlagt ved andre høgare utdanningsinstitusjonar gir fritak for examen philosophicum i ei bachelorgrad ved Det humanistiske fakultet. Examen facultatum frå andre fakultet ved Universitetet i Bergen og frå andre høgare utdanningsinstitusjonar kan verte godkjent og innpassa i fakultetet sine bachelorprogram i samsvar med krava til omfang på examen facultatum i det aktuelle programmet.

Ei fullført bachelorgrad eller tilsvarande gir fritak for examen philosophicum og examen facultatum i ei ny grad, jf. § 2.4.

## Til kapittel 4 Opptak og utdanningsplan

### Til § 4.1.1 Om opptak til masterstudium

Til punkt (2)
I samråd med instituttet kan fakultetet avslå ein søknad om nytt opptak til eit masterprogram dersom studenten sine rettleiingsressursar er uttømte, jf. § 4.1 (6).

Til punkt (3) og (4)
Det skal gå fram av den aktuelle studieplanen om der er andre vurderingskriterium enn dei som er oppgitt i punkt (2) og (3) som vert lagde til grunn for opptak av søkjarar til eit masterprogram.

### Til § 4.1.2 Om opptak til kortvarige studium

Til punkt (1), første kulepunkt
Studentar som har avlagt ei bachelor- eller mastergrad ved Det humanistiske fakultet kan innan den gjeldande fristen søke om å ta enkeltemne ved Universitetet i Bergen.

Til punkt (1), andre kulepunkt
Studentar som har ein aktiv studierett ved ein anna høgare utdanningsinstitusjon kan søke innan dei gjeldande fristane om å få ta enkeltemne ved Universitetet i Bergen. Søkjarane må dokumentere at dei har studierett og at dei har betalt semesteravgifta til den aktuelle utdanningsinstitusjonen.

**Til § 4.2 Utdanningsplan**

Programstudentar og årsstudiestudentar ved Universitetet i Bergen kan søke om overgang til bachelorprogram ved Det humanistiske fakultet innan dei gjeldande fristane. Søkjarane må oppfylle eventuelle progresjonskrav på programmet dei søker opptak til, i tillegg til andre opptakskrav som er fastsett i studieplanen. Søkjarar som oppfyller krava til ei grad får ikkje innvilga overgang til eit anna studieprogram.

**Til § 4.3.1 Utsett studiestart**

Til punkt (2)
Det vert ikkje innvilga utsett studiestart ved opptak til 2-årige masterprogram.

**Til § 4.7 Permisjon**

Til punkt (3)
Studentar som er tekne opp til kortvarige studium, jf. § 4.1.2, får ikkje innvilga permisjon. Årsstudiestudentar kan søke fakultetet om permisjon etter vilkåra i § 4.7 (4). Studentar på 2-årige masterprogram må søke om permisjon i forkant av permisjonsperioden, og innan dei gjeldande fristane.

Til punkt (7)
Studentar på integrerte masterprogram kan få innvilga permisjon i samsvar med § 4.7 (2) og (4) i 1.–6. semester, og i samsvar med § 4.7 (4) og (6) i 7.–10. semester.

**Til § 4.9 Tilgang til vurdering for personar utan opptak til studium ved Universitetet i Bergen**

Til punkt (2)
Dersom det er høve for personar utan studierett til å ta særskilt eksamen i et emne skal det stå i emneomtalen.

## Til kapittel 5 Undervisning

**Til § 5.3 Undervisningstilbod**

Til punkt (3)
Dersom det er naudsynt å avgrense tilgangen til undervisninga på eit emne skal rangeringsreglane for opptaket til undervisninga verte fastsett i emneomtalen innan dei gjeldande fristane for studieplanendringar.

Til punkt (4)
Rettleiingskontrakten gir rammer for talet rettleiingstimar ein student har krav på i løpet av masterstudiet. I samråd med instituttet kan fakultetet avslå ein søknad om vidare rettleiing dersom rettleiingsressursane er uttømte, jf. § 4.1 (6).

**Til § 5.5 Obligatorisk undervisningsaktivitet**

Til punkt (2)
Obligatoriske arbeidskrav skal vere gjennomførte etter fristar fastsette av institutta.

Til punkt (5)
På emne med avgrensa kapasitet kan det fastsettast i emneomtalen at det ikkje er mogeleg å få godkjent obligatorisk undervisningsaktivitet på nytt.

Til punkt (6)
Retten til ny undervisningsaktivitet ved gyldig fråvær gjeld berre det inneverande undervisningssemesteret, og berre dersom det er praktisk mogeleg og andre reglar ikkje er til hinder for det.

# Til kapittel 6 Vurdering

**Til 6.1 Allment om vurdering**

Til punkt (2)
Som ein hovudregel har emna vurdering to gonger i året, i undervisningssemesteret og i semesteret etter. Gyldigheitsperioden for godkjente obligatoriske arbeidskrav må samsvare med mogelegheita for vurdering i det undervisningsfrie semesteret. I emneomtalen kan det verte fastsett at emne med vurderingsformene mappevurdering, rettleia oppgåve, gruppevurdering, stått på grunnlag av frammøte, og produksjonar ikkje har vurdering i dei undervisningsfrie semestera.

**Til § 6.2 Vurderingsformer og vurderingsordningar**

Til punkt (2)
Vurderingsformene i eit studieprogram skal variere. Eit emne skal normalt berre ha éi vurderingsform.

**Til § 6.2.2 Særskilt om skriftleg skuleeksamen**

Lengda på ein skriftleg skuleeksamen skal vere maksimum 6 timar for emne på 15 studiepoeng, og maksimum 4 timar for emne på 10 studiepoeng.

**Til § 6.2.4 Særskilt om heimeeksamen**

Lengda på heimeeksamensperioden skal vere maksimum 7 dagar for emne på 15 studiepoeng. Dersom heimeeksamensperioden spenner over offentlege fridagar, jf. § 5.1 (3), skal desse dagane ikkje reknast som del av eksamensperioden.

**Til § 6.2.5 Særskilt om mappevurdering eller anna løpande vurdering**

Reglane for vurderingsordninga i § 6.2.5 punkt (2) a)-h) skal vere omtalt i emneomtalen og vedtekne innan dei gjeldande studieplanfristane.

Det skal vere fastsett i emneomtalen om delsensur i mappa skal gjerast fortløpande eller først når alle arbeida er innleverte.

**Til § 6.3 Fleire vurderingsdelar**

Alle vurderingsdelane på eit emne må vere ståtte i same semester, med mindre det står noko anna i emneomtalen.

### Til § 6.8 Tal på vurderingsforsøk

Til punkt (3)
Studentar som har vore meldt til vurdering tre gonger utan gyldig resultat (stryk, ikkje møtt, trekk etter fristen) kan søke om eit fjerde forsøk. Søknadar om vurdering for fjerde gong for å forbetre ein stått karakter vert berre innvilga om søkjaren kan dokumentere nedsett arbeidskapasitet over lengre tid på grunn av eigen sjukdom eller sjukdom i nær familie.
Ein søknad om vurdering for fjerde gong vert normalt innvilga dersom

- det aktuelle emnet er siste emnet i ei spesialisering
- det aktuelle emnet er siste emnet i ei grad
- det aktuelle emnet er eit forkunnskapskrav for eitt eller fleire obligatoriske emne i grada
- søkjaren kan vise til andre særleg tungtvegande grunnar eller dokumentere omstende som hindra avmelding frå emnet

Søknaden må vere levert innan oppmeldingsfristen 1. februar / 1. september.

Til punkt (4)
Studentar har høve til å levere masteroppgåva på nytt i same fag dersom oppgåva er heilt ny eller så omarbeidd at ho kan vurderast som ny. Kandidaten må da

- presentere og gi svar på nye problemstillingar, og/eller
- trekke inn nytt empirisk materiale (kjelder/data), og/eller
- gjere ein radikalt endra analyse og tolking av empirien

I søknaden må studenten gjere greie for endringane han/ho planlegg å gjere i oppgåva. Instituttet avgjer søknadar om innlevering for andre gong.

### Til § 6.11 Ny vurdering

Studentar med gyldig fråvær som ønsker ei ny vurdering i det påfølgande semesteret i eit emne som ikkje har tidleg eksamen (midtsemestereksamen), må kontakte fakultetet innan oppmeldingsfristen 1. februar / 1. september.

### Til § 6.12 Om praktisk gjennomføring av skriftleg skuleeksamen

Til punkt (1) f)
Faglærar/eksamensansvarleg skal vere tilgjengeleg for spørsmål som gjeld oppklaring av oppgåveteksten.

## Til kapittel 7 Karaktersystem og sensur

### Til 7.3.1 Allment om sensor

Til punkt (3)
Ein ekstern sensor kan ikkje ha vore tilsett ved Universitetet i Bergen i eitt år forut for at han/ho vert brukt som ekstern sensor.

**Til § 7.3.2 Krav til tal på sensorar**

Til punkt (1)
Ved sensurering av masteroppgåver skal rettleiaren ikkje vere medlem av kommisjonen.

Til punkt (4)
Eit fritak frå kravet om minst to sensorar kan verte innvilga for visse typar løpande vurdering kor eit slikt krav er særleg vanskeleg å praktisere.

**Til § 7.4 Kunngjering av sensur, frist for grunngjeving og klage**

Til punkt (4):
Dersom sensuren vert kunngjort før sensurfristen, vert fristen for å be om grunngjeving og å klage rekna frå sensurfristen.

**Til § 7.7 Anonymitet ved sensur, grunngjeving, og klage over karakterfastsettinga**

Det humanistiske fakultet legg universitets- og høgskulelova til grunn for handsaminga av klagesaker.

**Vedlegg 3: Noverande utfyllande reglar ved HF:**
*http://www.uib.no/hf/23235/utfyllande-reglar-gradsstudium-ved-det-humanistiske-fakultetet*

**Vedlegg 4: Gradsforskrifta ved UiB:** *http://link.uib.no/?YoXx*

| | |
|---|---|
| **UUI-sak 37/13: Framlegg om revidert pkt. 1 i retningslinene for programstyre ved LLE** | |
| **Vedlegg** | **Retningsliner for programstyre for disiplinbaserte studieprogram ved LLE** |

**Grunnlag: UUI-sak 21/13**

**Instituttleiaren ber UUI om tilslutning til ein revisjon av pkt. 1 i retningslinene for programstyre, sjå vedlegg nedanfor.**

**Framlegg til ny formulering:**

1. Programstyret har ansvaret for dei BA- og MA-programma som høyrer til faggruppa, med grunnlag i det mandatet som fakultetet har fastsett. Programstyret har òg ansvar for andre overordna studiespørsmål som gjeld fagmiljøet, som t.d. ved NOKUT-evalueringar, representasjon i nasjonale fagråd eller liknande.

**Grunngjeving:**

Det har vist seg at formuleringane både i dei overordna styrungsdokumenta frå fakultetet og i dei vedtekne retningslinene ved LLE kan tolkast noko for snevert. Det finst studierelevante saker som det ut frå etablert praksis og konvensjon har vore vanleg å plassera hjå den eller dei personane som har koordineringsansvaret i fagmiljøet, og som i dei fleste tilfella er ukontroversielle. Målet med den reviderte formuleringa er å sikra at desse oppgåvene vert tydeleg plasserte i det nye ansvarlege organet som eit programstyre er. Fagmiljøa er ulike, og kvart fagmiljø må finna den mest tenlege praktiske forma på dette arbeidet.

**Framlegg til vedtak:**

UUI sluttar seg til framlegget om revidert pkt. 1 i retningslinene for programstyre ved LLE.

**VEDLEGG:**

**Retningsliner for programstyre for disiplinbaserte studieprogram ved LLE**

1. Programstyret har ansvaret for dei BA- og MA-programma som høyrer til faggruppa, med grunnlag i det mandatet som fakultetet har fastsett.
2. Fagkoordinatoren i faget er automatisk medlem og leiar i programstyret dersom ikkje noko anna vert avtala med instituttleiaren.
3. Storleiken på kvart programstyre vert fastsett av instuttleiaren i samråd med fagmiljøet og UUI.
4. Studiekonsulenten for faggruppa er sekretær for programstyret, med talerett, men ikkje røysterett.
5. Instituttleiar oppnemner medlemer til programstyret mellom alle fast tilsette i minimum 50 % stilling etter framlegg frå fagmiljøet. Ved forskingsterminar og andre permisjonar oppnemner instituttleiaren vararepresentantar på same måte.
6. Kvart programstyre har éin eller to studentrepresentantar, svarande til ein representasjon på om lag 20 %. Det respektive fagutvalet (eventuelt instituttutvalet dersom det ikkje finst eit aktivt fagutval) peikar ut studentrepresentanten/-ane.
7. Alle programstyre bør ha minst eitt møte i semesteret.

8. Alle formelt oppnemnde representantar har lik røysterett. Det er røysteplikt i alle vedtakssaker, og vanlege reglar for møtestyring og røysting gjeld.

Desse retningslinene gjeld frå august 2013 etter diskusjon i UUI 2. 9. 2013 (UUI-sak 21/13, O-sak 7).

**Eventuelt**

29.10.2013

Johan Myking
*instituttleiar*

Ranveig Lote
*studieleiar*